

Søknad – Byregion Fase 2

| | | | | |
|----------------------|--|------------------|------|-----------------|
| Søknadsnr. | 2015-0053 | Søknadsår | 2015 | Arkivsak |
| Støtteordning | Utviklingsprogrammet for byregioner fase 2 (2015-2017) | | | |
| Prosjektnavn | "Sunnfjordbyen" - fase 2 | | | |

Kort beskrivelse

Sunnfjordregionen, som er samla kring byane Flora og Førde, har delteke i fase 1 i byregionprogrammet. Saman med kommunane Jølster, Gaular og Naustdal bur det 34 000 innbyggjarar i Sunnfjord. Desse fem kommunane utgjer regionen Sunnfjord og har delteke i fase 1 i byregionprogrammet gjennom Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS).

Vi ønskjer å bygge vidare på det grundige arbeidet som er gjort i prosjektet «Sunnfjordbyen». Prosjektet har gjennom tre samling med deltakarar frå næringsliv, politikarar, o

Prosjektbeskrivelse

Med bakgrunnen i workshop, der vi har laga oss «framtidsbilete» basert på dei regionale analysane, har vi identifisert fleire "prototyper" eller pilotar vi ønskjer å teste og utvikle vidare i fase 2 (basert på Otto Scharmer og hans utvikling av «Theory U»). Dette er ikkje planar, men testar ut nye løysingar, først i mindre målestokk, deretter i full skala.

Ein sentralt dimensjon i arbeidet med prototypene er å utvikle gode nettverk og teste metodikken. M.a. må vi prøve ut om metoden eigna til vårt føremål, om den treng den justerast og utviklast vidare, og om det trong for å utvikle nye prototyper der vi ser vi kjem til kort med dei som her er skisserte. Vi ser samstundes på utprøving av prototyper som eit innovativt tiltak, noko analysen viser regionen er dårlege på.

I tillegg er det trong for hjelp til å fasilitere arbeidet med prototypene gjennom etablerte nettverk for kvar einskild prototype.

Vi ønskjer å teste følgjande prototyper:

- Energy lab AS. Vi ønskjer her å etablere eit utviklingslaboratorium for lagring av energi. Bakgrunnen er det store overskotet av produsert og planlagt fornybar energi i regionen. Spørsmålet er korleis dette kan lagrast og nyttast som smartløysingar både i private heimar og i større samanhengar (framtidig industrisatsing). Teknologisk går det føre seg mykje testing av ulike løysingar, i vår samheng vil det vere i utvikle ein pilot der ein testar ulike løysingar. Sunnfjord Energi vil vere ein sær sentral aktør her.
- Sunnfjordtunet 2.0. Dette gjeld utvikling av eit klyngetunkonsept bygt på tidlegare buformer med fleire generasjonar, men ut frå nye krav og løysingar. Dimensjonar knytt til nærleik, tryggleik, klima (minst moglege klimafotavtrykk), urbanitet, felles transport, vil vere sentrale. Konseptet kan tilpassast ulike former for innretting t.d. retta mot eldre, barnefamiliar, økolandsby, bustadsosialt vanskelegstilte, prøvebustader for innflyttarar, eller kombinasjonar av dette. Høgskulen i Sogn og

Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune vil saman med kommunane vere viktige samarbeidspartar her.

- «Bu i Sunnfjord» og digital natur- og historiefortelling. Målet er å kapitalisere på dei særmerka ressursane kvar einskild kommune/grend har gjennom å etablere regionale kultur- og reiselivsløyper. Metoden er digitale natur- og historiefortellingar gjennom kulturhistorisk atlas og bruk av film, som er utvikla i Sogn og Fjordane gjennom mange år. Her er destinasjonsselskapa saman med kommunane, fylkeskommunen, fylkesarkivet og musea dei sentrale aktørane.

I tillegg er det prototypar som vil bli testa vidare dels på grunnlag for interkommunal næringsstrategi og analysen i fase 1:

- Arbeidsinnvandring og attraktivitet. I samsvar med ein rapport frå Møreforskning om arbeidsinnvandring til Nord-Vestlandet, vil vi utvikle ein pilot der vi ser på korleis familieinnvandring kan skape eit arbeidskraftpotensiale for helse- og omsorgssektoren i regionen. Så langt er det utanlandske kvinner gift med nordmenn som i størst grad har klart å etablere seg i helse- og omsorgssektoren. Fleire utfordringar skal møtes for å kunne gjøre seg nytte av det arbeidskraftpotensiale som ligg både i arbeids- og familieinnvandringa. Dette gjeld i særleg grad språk og språkopplæringa. Her vil kommunane vere dei viktigaste partane.
- Rural turisme 2.0. Vi vil utvikle ein prototype omkring nye former for ruralt reiseliv der vi ser på korleis vi kan utvikle næringa mot ein høgare grad av profesjonalisering, marknadsretting og samhandling. Vi tar utgangspunkt noko av funna frå eit program om rural turisme som Vestlandsforskning arbeider der noko av funna at ein dei besøkande er meir opptekne av å delta på aktivitetar framfor berre å vere ein plass for å sjå. Kultur, historie, Identitet og deltaking er viktige dimensjonar her. Her vil SNU og Fram Flora saman med kommunane og Vestlandsforskning vere sentrale.
- Helse og velferdsteknologi. Velferdsteknologi er noko alle kommunar er opptekne av. I samarbeid med kommunane, IT Forum og Vestlandsforskning vil vi etablere eit breitt samarbeid for å setje planlegging og bruk av velferdsteknologi på dagsorden hjå alle kommunane. Gjennom tett samarbeid skal det etablerast eit formidlings- og samarbeidsforum. Fellesaktivitetar skal gjennomførast både for å formidle kunnskap om teknologi, bruksområde, organisering og samarbeid og teste ut dei første bruksområda i fylket. IT Forum, Vestlandsforskning saman med Nasjonal utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester, og kommunane dei sentrale samarbeidspartane.

Vi kan også tenkje oss å delta med vårt prosjekt om Sunnfjordbyen i ein nordisk analyse om vekstkultur og attraktivitetsmodellar i Nordiske kommunar, i regi av Telemarksforskning. Hypotesen her er at vekst i busetnad og/eller arbeidsplassar ut over det som naturleg følgjer den nasjonale veksten og dei utanforliggende strukturelle føresetnadane som påverkar staden, kan skuldast god eller dårleg vekstkultur. Vekstkultur vert skapt av haldningar, verdiar og samspelmønstre på staden.

Deltatt i fase 1 av Utviklingsprogrammet for byregioner: Ja

Fase 1 er gjennomført i samsvar med søknaden som låg til grunn for deltaking i byregionprogrammet. Det blir elles vist til dei to rapportane frå analysen som er lagt ved. Telemarksforskning hadde ansvaret for analysen.

Kontaktopplysninger

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|---------------------------------|--------------------------------------|-------------------------------|----------|
| Søker / Prosjekteier | Førde kommune Org.nr:NO 963923511 | Hafstadvegen 42 6802 FØRDE | 91337410 |
| Kontakt- person | Trond Ueland | Hafstadvegen 42 6802 FØRDE | 91337410 |
| Prosjekt- leder | Jan Støfring | Hafstadvegen 42 6802 FØRDE | 90292406 |

Geografi

1430-Gaular, 1432-Førde, 1433-Naustdal, 1431-Jølster, 1401-Flora

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sunnfjord består av fem kommunar, bykommunane Førde og Flora, og omlandskommunane Gaular, Naustdal og Jølster. Regionen er ein naturleg bu- og arbeidsregion med høg grad av arbeidsmarknadsintegrasjon internt i regionen. Det er etablert eit langsiktig og tett regionsamarbeid gjennom Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS) der ordførarane og rådmennene i dei fem kommunane deltek. SiS har tidlegare utarbeidd både ein felles regional planstrategi og ein interkommunal næringsstrategi. Det siste har danna grunnlaget for deltaking i fase 1 i byregionprogrammet gjennom prosjektet «Sunnfjordbyen». Fase 2 i programmet vil samstundes vere ein del av handlingsprogrammet til den regionale næringsstrategien.

Presentasjon av analysen

Prosjektet i Sunnfjord har fått namnet «Sunnfjordbyen». Målet har vore å få ein felles analyse av korleis vi saman kan skape auka attraktivitet i Sunnfjord. Bakgrunnen er at kvar kommune har ulike utfordringar og ressursar til å auke sin eigen attraktivitet med omsyn til næringsetablering, besøk og stadutvikling. Spørsmålet har vore om ein samla strategi kan forsterke attraktiviteten lokalt og regionalt ved å støtte opp om kvarandre sin særlege fortrinn.

Ein sentral del av programmet har vore å utarbeide ein regional analyse. Telemarksforsking vann anbodet for utgreiing av Sunnfjordbyen og har i samarbeid med deltakarar frå næringslivet, politikarar, offentlege verksemder, det sivile samfunn og ungdomens kommunestyre i alle SiS kommunane, utarbeidd ein attraktivitetsanalyse for Sunnfjord. I analysen er det òg lagt fram scenarier for framtidig folkeauke og arbeidsplassar basert på dei empiriske samanhengane som attraktivitetsmodellen har avdekka i analysen.

Analysen er tufta på at ein skil mellom strukturelle drivkrefter for vekst forstått som tilflytting og arbeidsplassar, som vi ikkje kan gjere noko med, og dei faktorar vi faktisk kan påverke.

Analysen viser at Sunnfjord har vakse mykje dei siste åra. Det same har arbeidsplassveksten. Men for begge har auken vore svakare enn veksten nasjonalt. Samstundes ligg vi høgast i fylket. Samla sett viser analysen følgjande om arbeidsplassveksten:

- Primærnæring, industri, olje-og gassutvinning, forskning, Tele, IKT, ingeniørtenester og liknand (basisnæringane) har hatt sterk arbeidsplassnedgang m.a. fordi Sunnfjord har relativt mykje næringsliv knytt til nasjonale nedgangsbransjar som næringsmiddelindustri, landbruk og fiske.
- Overnatting, opplevingsaktivitet, servering, butikk, kultur, diverse personlege tenester (besøksnæringane) viser at ein før finanskrisa hadde betre vekst enn folketallet skulle tilseie, men at veksten etter finanskrisa har vore lågare enn ein skulle forvente.
- Bygg og anlegg, finans, forretningsmessig tenesteyting, transport, engroshandel m.v. (regionale næringar) viser sterk arbeidsplassvekst i næringa, men ikkje like sterk som elles på landsbasis. Dei strukturelle forholda for vekst har blitt betre i regionen, men veksten er svakare enn dei strukturelle forholda skulle tilseie.

Næringsattraktivitet er summen av attraktiviteten til dei tre næringstypene (basisnæring, besøksnæring og regional næring). Sunnfjord har forbetra sin posisjon i basisnæringane, men veksten i dei to andre næringstypene er svakare enn strukturelle forhold skulle tilseie. Samla sett rangerer dermed Sunnfjord middels blant regionane i Norge med omsyn til næringsattraktivitet. Innovasjonen i eksisterande næringsliv er også analysert, og konklusjonen er at næringslivet i Sunnfjord framstår som lite innovativt. Justert for bransjestruktur og storleik kjem Sunnfjord enda svakare ut. Sunnfjordkommunane kom på 14. plass i Nærings-NM i 2014. Offentleg sektor er andel høgt utdanna like høg som i Norge, mens privat sektor har ein lågare andel høgt utdanna enn landet som heilskap. Det er store forskjellar i utdanningsnivå i kommunane. Justert for bransjestruktur, er utdanningsnivået i næringslivet framleis lavt.

Sunnfjord si befolkning har vokse dei siste åra, spesielt i Førde har befolkningsveksten vore sterk. Befolkningsveksten har vore svakare enn veksten i Norge, men sterkare enn i fylket. Befolkningsveksten skuldast innvandring og positiv fødselsbalanse. Innanlands nettoinnflytting er negativ. Sunnfjord taper innbyggjarar til andre stadar i Norge. Nettoinnflytting er analysert for å avdekke om relativt svake flyttetall kan forklarast av arbeidsplassutvikling, strukturelle flyttefaktorar (for eksempel intern arbeidsmarknadsintegrasjon) eller andre forhold. Det er mykje pendling på tvers av kommunegrensene i regionen, på den andre side er det forholdsvis lite pendling mellom Sunnfjord og omkring liggjande regionar. Dette har ein negativ effekt på nettoflytting. Nettoeffekt er dersom omtrent lik null, sik at flytting til Sunnfjord langt på veil vil kunne forklarast av arbeidsplassutvikling og bustadattraktivitet.

Sidan flyttetall til Sunnfjord har vore svakare enn arbeidsplassutvikling skulle tilseie, sit ein igjen med eit inntrykk av at Sunnfjord er ein region som det er lite attraktiv å bu i. Sunnfjord er blant kommunane i Norge med lavast bustadattraktivitet, forstått som i kva grad ein tiltrekker seg innflyttarar og beheld dei som bur på staden. Scenarienanalysen peiker likevel på at det er eit stort potensiale for høgare netto tilflytting og auke i arbeidsplassar ved å gjere Sunnfjord meir attraktiv som stad å bu (bo sted).

Analysen går elles nærare inn på fleire sider ved folketalsutviklinga, nærings- og besøksattraktivitet, utdanningsnivå og innovasjon.

Med bakgrunnen i workshop eller fortellerverkstader, der vi har laga oss «framtidsbilete» basert på dei regionale analysane, har vi identifisert fleire prototypar vi ønskjer å utvikle vidare i fase 2. Kort

fortalt handlar det om å redusere «vanetankar», sette saman med personar og miljø med ulike perspektiv og bygge tillitsfulle dialogar mellom desse. Basert på dette identifiserer ein ulike «prototypar» eller «pilotar» som vi «testar» ut (basert på Otto Scharmer og hans utvikling av «Theory U»). Dette er ikkje planar, men testar ut nye løysingar, først i mindre målestokk, deretter i full skala.

I samarbeid med deltakarar frå næringslivet, politikarar, offentlege verksemder, det sivile samfunn og ungdomens kommunestyre frå alle fem kommunane har ein sett på korleis ein kan gå vidare gjennom utvikling av prototypar, forstått som tiltak som kan settast ut i livet for å teste marknad/kvalitet/ gjennomføringsmuligheit.

Vi kan også tenkje oss å delta med vårt prosjekt om Sunnfjordbyen i ein nordisk analyse om vekstkultur og attraktivitetsmodellar i Nordiske kommunar, i regi av Telemarksforsking. Hypotesen her er at vekst i busetnad og/eller arbeidsplassar ut over det som naturleg følgjer den nasjonale veksten og dei utanforliggende strukturelle føresetnadane som påverkar staden, kan skuldast god eller dårleg vekstkultur. Vekstkultur vert skapt av haldningar, verdiar og samspelmønstre på staden.

Prosjektmål

Det overordna målet med «Sunnfjordbyen» er å skape innovasjon og vekst i Sunnfjord ved å spele vidare på det gode og breie samarbeidet som er utvikla. Samstundes er eit mål å identifisere og bryte ned dei flaskehalsar og barrierar mot samarbeid mellom kommunane som framleis finst. Målet med fase 2 i byregionprogrammet vert såleis å etablere bærekraftige og innovative nettverk retta mot prototypar som er utvikla i fase 1. Prosjektet legg til grunn å bruke dei områda vi er gode på – naturressursar, kompetansebygging, IKT, små og oversiktlege miljø

Delmål

- Etablere felles utfordringsbilete. Dette er gjort i analysen fase 1, men vil vere avgjerande å nytte som grunnlag for det vidare arbeidet i fase 2.
- Gjennomføre utvalde prototypar i samsvar med analysen og interkommunal næringsstrategi.
- Som del av arbeidet med å vidareutvikle utvalde prototypar, skal det etablerast og vedlikehalde nettverk. Nettverka gjeld både partnerskap mellom næringsliv, offentlege institusjonar og det sivile samfunn. I tillegg vil vi ha eigne nettverk for politisk deltaking (felles formannskapsmøte) og ungdom (ungdommens bystyre i alle kommunane).
- Utvikle metodikken for bruk av prototypar og teori U (Telemarksforsking)
- Kunnskapsinnhenting om Sunnfjord og etablere felles kompetanse om regional utvikling i regionen. Dette skal nyttast til å utvikle fleire prototypar vidare.
- Delta i byregionprogrammet sitt kompetansenettverk
- Delta i Telemarksforsking sitt program om vekstkultur i Norden

Forankring

«Sunnfjordbyen» og deltaking i fase 2 i byregionprogrammet er forankra både i regional planstrategi for Sunnfjord (2012) og Interkommunal næringsplan for Sunnfjord (2014) samt deltaking i

byregionprogrammet med «Sunnfjordbyen». Kommunestyra i dei fem deltakarkommunane har gjort egne vedtak om deltaking i fase 1. Det same vil bli gjort for fase 2. Vedlagt følger i første omgang vedtak for Førde Bystyre (30.04.2015).

Prosjektorganisering

Samarbeidsforum i Sunnfjord(SiS) vil som for fase 1 vere styringsgruppe for fase 2 i prosjektet. Næringsutvikling i Sunnfjord (SNU) vil saman med Fram Flora ta ansvar for prosjektleiing inkludert halde kontakt med byregionprogrammet, delta på samlingar, osb. Rådmennene i SiS vil saman med sekretær for SiS og prosjektleiinga utgjere arbeidsgruppe for prosjektet.

Det vil vere trong for ekstern hjelp både til prosessleiing og kunnskapsinnhenting. Det vil òg vere ønskeleg å fylle på nettverkssamlingar med «best practise» erfaringar på nasjonalt og internasjonalt.

Samarbeidspartnere

Prosjektet vil i samsvar med fase 1 etablere samarbeid med både fylkeskommunen, Vestlandsforskning, IT Forum i Sogn og Fjordane, Sunnfjord Energi, og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Innovasjon Norge, NHO, LO, og byregionprosjektet i Sogndal har alle vore inviterte til og delteke på samlingane fase 1. Det er naturleg at dei òg får ei rolle her i fase 2. Sogn og Fjordane fylkeskommune blir invitert særskild til å delta som partner i satsinga.

Som i fase vil likevel representantar frå næringsliv, offentleg verksemd, politikarar frå kommunane, det sivile samfunn og, ikkje minst, ungdomsrepresentantar frå ungdommens kommunestyre i kvar kommune vere dei viktigaste partane og vil vere sentrale målgrupper.

Ei problemstilling som òg er sær relevant, er koplinga til kommunereformprosessen. Her har SiS og Sunnfjord teke initiativ til å greie ut felles kommune. I tillegg er fire kommunar involvert ut frå eige ønske. Det er kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Gloppen. Det kan vere naturleg å vurdere ei mogeleg deltaking/observatørrolle i prosjektet «Sunnfjordbyen» også for desse.

Aktivitetar

Det er viktig å etablere ei prosjektorganisering snarast mogeleg. Medan sekretær for SiS har hatt ansvar for prosjektleiing i fase 1, vil dette no bli ført over til SNU og Fram Flora. Både prosjektleiing, prosjektstyring og arbeidsgruppa vil bli etablert hausten 2015.

Det same vil etablering av nettverksgruppene for prototypene. Dette vil naturleg nok vere den viktigaste aktiviteten i prosjektet, sjå eige punkt om prototypene. Her må òg leiing av nettverksgruppene på plass. Deretter vil det bli etablert nettverkssamlingar, som vil gå føre seg frå våren 2015 til hausten 2017. Parallelt med nettverksgruppene, vil det bli egne fellessamlingar. Inkludert her er formannskapsmøter og involvering av ungdom, som skildra over. Det same gjeld for deltakarane i kommunane sine kommunestyre. Vi ser på dette som viktige aktivitetar i prosjektet.

Det er trong for å hente inn ekstern kompetanse direkte knytt til prototypene. Men òg eksterne føredragshaldarar i samband med seminar og felles samlingar. I tillegg ser vi føre oss at vi treng noko meir analyser om regionale samanhengar. Dette vil bli gjort egne anbod.

Rapportering vil bli fordelt på ein halveges rapport (milepæl) og ein endeleg rapport. Den endelege rapporten vil bli basert på rapport for kvar einskild prototype. Vi tar sikte på at dette blir gjort både midt i prosjektfasen og ved slutten av prosjektet.

Vi ser vidare føre oss at vi må ha ein særskild kommunikasjonsstrategi. Formidling av resultat er viktig.

Målgrupper

Målgrupper er primært retta mot næringsliv og offentlege aktørar. Men det sivile samfunn, kunnskapsinstitusjonar og sentrale samfunnsaktørar elles (tenesteleverandørar) vil òg vere viktige. Ungdom er ei særskild målgruppe.

Resultat

- Vi skal sjå auke i innflytting til regionen
- Dei skal vere fleire jobbar innanfor basisnæringane
- Innovasjon i næringsliv og innan offentlig forvaltning skal vere tydlegare
- På sikt skal vi òg kunne identifisere auka andel med høgare utdanning
- Det skal vere nettverkgrupper for alle prototypene.
- Kvar nettverksgruppe skal ha gjennomført 3 møter/seminar.
- Politikarar og ungdom skal ha hatt 3 møter, minst 40 deltakarar på kvart møte.
- Prototypene skal presenterast for ei ekstern målgruppe til drøfting og testing.
- Det skal utarbeidast ein rapport for kvar prototype
- Det skal utarbeidast ein samla rapport for heile prosjektet.
- Arbeidet skal resultere ein handlingsplan for Sunnfjord i regi av SiS. Handlingsplanen vil samstundes vere ei oppfølging av Interkommunal næringsstrategi.

Effekter

Sunnfjordbyen skal vise igjen gjennom auka samhandling, partnerskap og formaliserte samarbeid i framtida. Sunnfjord som bu-arbeid – og service region skal vere endå tettare integrert. Integrasjon over regiongrensene skal vere auka

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Tidsplanen inngår som del av vedlagte prosjektplan.

Kostnadsplan/budsjett

| Tittel | 2015 | 2016 | 2017 | SUM |
|-----------------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Administrasjon - diverse utgifter | 100 000 | 150 000 | 150 000 | 400 000 |
| Felles samlingar - inkl eksterne | | 200 000 | 200 000 | 400 000 |
| Formidling - informasjon | | 200 000 | 200 000 | 400 000 |
| Kunnskapshenting | | 400 000 | 200 000 | 600 000 |
| Nettverkssamlingar (prototyper) | 100 000 | 300 000 | 300 000 | 700 000 |
| Oppstart prosjektgrupper | 100 000 | | | 100 000 |
| Prosessleiing | | 200 000 | 200 000 | 400 000 |

| | | | | |
|----------------------------------|----------------|------------------|------------------|------------------|
| Prosjektleiing (timepris kr 550) | 450 000 | 1 125 000 | 1 125 000 | 2 700 000 |
| Rapportar | | 100 000 | 200 000 | 300 000 |
| Sum kostnad | 750 000 | 2 675 000 | 2 575 000 | 6 000 000 |

«Kostnadene skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

Finansieringsplan

| Tittel | 2015 | 2016 | 2017 | SUM |
|--|----------------|------------------|------------------|------------------|
| Kommunal finansiering i regi av SiS | 400 000 | 1 300 000 | 1 300 000 | 3 000 000 |
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | 350 000 | 1 375 000 | 1 275 000 | 3 000 000 |
| Sum finansiering | 750 000 | 2 675 000 | 2 575 000 | 6 000 000 |

Den kommunale eigenfinansieringa er basert på eige arbeid og gjeld i stor grad prosjektleiing. Vi har teke utgangspunkt i ein timepris på kr 550.

«Byregionens egenfinansiering skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|--|--------------|------------|
| Handsaming Førde bystyre.pdf | 249 787 | 05.05.2015 |
| Interkommunal strategisk næringsplan Sunnfjord - SiS.pdf | 1 273 865 | 05.05.2015 |
| Planstrategi_Sunnfjord_AK_23feb.pdf | 3 443 622 | 05.05.2015 |
| Prosjektplan Sunnfjordbyen 2 Fase 2.docx | 41 832 | 05.05.2015 |
| TF rapport 16_2015 Sunnfjord.pdf | 7 377 649 | 05.05.2015 |